

Julebrusen er på plass!

13.10.2011



Trio som er klåre til prøvesmaking av julebrus

**Er du klår over at det er berre vel 2 månader til jul?
Det er i alle fall trioen Joakim Ljosnes Myklebust,
Sondre Steinsletten Myklebust og Emil Bakke Berntsen
som i dag var på plass på SPAR for å smake på den første
julebrusen. Dei tykte det var fornuftig tidtrøyte då dei likevel
har haustferie på skulen.**

Joakim går i 6. klasse og dei to andre i 7. og dei kosa seg med smultringar til brusen.

Også ellers tek butikken til å minna litt om høgtida som kjem om 10 veker. Vi observerer eit visst innslag av julekaker.

Men marsipanen er førebels ikkje på plass såvidt vi kan sjå.
Det er vel kanskje like greitt, for jula bør vel ikkje ta til for tidleg heller?
Ein bør ikkje ta ut for mykje på førehand.....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen